

---

**Fra:** Tone Margrethe Bærland Furustøl  
**Sendt:** 28. september 2018 11:30  
**Til:** 'Gerd Marit Øvretveit'  
**Emne:** VS: Deling av tomt , Gbnr: 188/230, Kvernhusaugane 19  
**Vedlegg:** Dispensasjon - veileder.doc; Grad av utnytting.pdf

Hei.

Vi viser til dykkar førespurnad i e-post frå dykk.

I vårt skriv av 14.09.18 står det innleiingsvis:

*Det er opplyst at parsellane ikkje overstiger 30% BRA. Det er ikkje gjort greie for utrekning. Vi forstår det slik at parsell 1 er  $150+36*100/666 = 28\%$  BRA og parsell 2 er  $230+36*100/1318 = 21\%$  BRA.*

I dagens e-post skriv de at ein av tomtane vil overstige 30% BRA. Kva den einskilde tomtas %BRA er, må de vise med utrekning til oss, sjå grad av utnytting.

Når den eine tomte overstig 30% BRA, må det søkjast dispensasjon frå kravet til utnyttingsgrad på 30% BRA. Dispensasjonen skal nabovarslast, men delingsøknaden er nabovarsla og naboane er kjent med tiltaket. Vi gjev fritak for nabovarsling av dispensasjonen.

De skal sende inn ein grunngeven dispensasjonssøknad, sjå dispensasjonsveileder. Naudsynte tilleggsopplysningar sendast inn samtidig då desse og gjeld for dispensasjonen (sjå skriv av 14.09.18 for parkeringsplasser som skal teiknast på situasjonskart, vatn- og avløpstrasè som skal teiknast på situasjonskart og uteareal av tilstrekkeleg storleik og kvalitet som skal teiknast på situasjonskart mv.).

De treng ikkje å trekkje byggesøknaden når de sender dispensasjonssøknad, men be oss om å ikkje handsame byggesøknaden dersom det vert avslag på dispensasjonssøknaden slik at de sparer gebyr.

Vi ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 12.10.2018**.

**Tone Furustøl** | rådgjevar byggesak

**E-post:** [tone.furustol@lindas.kommune.no](mailto:tone.furustol@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 54 01  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



**Fra:** Gerd Marit Øvretveit [<mailto:gerdmaritovretveit@gmail.com>]  
**Sendt:** 28. september 2018 10:34  
**Til:** Tone Margrethe Bærland Furustøl  
**Emne:** Deling av tomt , Gbnr: 188/230, Kvernhusaugane 19

Sender denne ein gong til, då eg treng eit svar før 1.okt 2018.

Deling av tomt , Gbnr: 188/230, Kvernhusaugane 19

Viser til sak 18/1467 – 18/28334

Vi beklagar at vi ikkje har lese ulike dokument nøye nok.

Vi har no ordna Erklæring med privat vatn – og avløpstrase som kryssar eigedommen, etter råd frå teknisk drift – vatn og avløp korleis dette skulle gjerast. (ikkje levert enno)

Vi har og teikna parkering av bilar inn på kart. (ikkje levert enno)

MEN, vi ser at vi ikkje har lese nøye nok kva BRA er i forhold til tomt. Det eine huset på den eine tomta vil overskride 30% regelen. Og vi har ikkje søkt om dispensasjon. Slik eg forstod det skal dispensasjonssøknad inn først, og det skal og vere med i opplysningar som ein gjev i nabovarsel.

Ingen av desse delane er gjort.

Kva alternativ har vi no?

-Sende inn ein dispensasjonssøknad no, saman med dei andre opplysningane vi ikkje har stetta?

-Trekke heile søknaden, og evt starte på nytt?

Er det andre alternativ?

Mvh Johannes A. Øvretveit og Gerd Marit Øvretveit